



## SANDE KOMMUNE

### MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet  
Møtestad: Rådhuset, Larsnes

Dato: 20.11.2019  
Tid: 08.00 – 11.35

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Elisabeth Kirkholm	Leiar	H
Hilde Iren Jacobsen	Medlem	H
Kenneth Rusten	Medlem	TvP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn		
Silje Ekroll Riborg	Nestleiar	Sp
Torbjørn Rekdal	Medlem	Frp

Varamedlemmar som møtte:

Namn		
Hans Petter Hjelle	Vara	Sp
Sunniva Nyhagen Nupen	Vara	Ap

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar
Karoline Sighaug	Konsulent

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS):

Namn	Stilling
Alf Marius Grønnevik	Forvaltningsrevisor.

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Olav Myklebust	Ordførar
Trond Aglen	Rådmann

## **SAKLISTE**

- SAK 29/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
- SAK 30/19 MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE TIL ORIENTERING
- SAK 31/19 KONTROLLUTVALET SITT ANSVAR OG OPPGÅVER
- SAK 32/19 ORIENTERING OM SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET -  
VEST KONTROLL
- SAK 33/19 STATUS PÅ SAKER
- SAK 34/19 ARBEID I UTVALET
- SAK 35/19 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TENESTEYTING I  
HEIMESJUKEPLEIA
- SAK 36/19 TILSYNSRAPPORT – RAPPORT FRÅ TILSYN MED HELSE- OG  
OMSORGSTENESTER TIL BARN I AVLASTNING - SANDE KOMMUNE  
2019
- SAK 37/19 UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
29/19	033	13.11.2019	20.11.2019	KS

## GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

### Samrøystes vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
30/19	049	13.11.2019	20.11.2019	KS

## MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE TIL ORIENTERING

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollen frå møtet 10.10.2019 til orientering.

### Vedlegg

1. Møteprotokollen frå møtet 10.10.2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
31/19	033	13.11.2019	20.11.2019	JS

## KONTROLLUTVALET SITT ANSVAR OG OPPGÅVER

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek sekretariatet sin gjennomgang av kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver til orientering.

### Vedlegg

1. Ny rammebetingelse og nye kontrollutvalg av Per Olav Nilsen
2. Hjelp – jeg er ny i kontrollutvalget, av Bjørn Bråthen
3. Frå Kommuneloven sjuande del Egenkontroll – kapittel 22 Kommunestyrets og fylkestingets kontrollansvar, kapittel 23 Kontrollutvalgets virksomhet, kapittel 24 Revisjon
4. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon

### Saksopplysningar

Det vert ei orientering om kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver. Ein viser til vedlegga og til PowerPoint i møtet.

I seinare møte kan ein legge opp til orientering/opplæring i ulike tema, frå både sekretariatet, revisjonen og kommuneadministrasjonen.

Døme på tema kan vere:

- Rekneskap og årsrekneskap
- Habilitetsreglar
- Forvaltningsrevisjon og andre rapportar
- Eigarskapskontroll på selskap

Det vert også lagt opp til felles kursdag i januar for alle kontrollutvala Vest kontroll har sekretariatsfunksjonen for. Tilsvarende kurs vert også køyrt på Skei i Jølster.

Vidare legg ein opp til kurs for å forstå betre det kommunale rekneskapssystemet og eige kurs for styremedlemer og dei som representerer kommunane i representantskap og generalforsamlingar i selskap der kommunen har interesse.

Det kan gjerast andre kurs i tema/område etter kontrollutvala sin ynskjer.

Norges kommunerevisorforbund (NKRF) arrangerer sin kontrollutvalgskonferanse 29. og 30. januar i 2020.

<https://www.nkrf.no/kurs/nkrfs-kontrollutvalgskonferanse-2020>

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) arrangerer sin kontrollutvalgskonferanse 03. og 04. juni 2020.

<https://www.fkt.no/konferanser/fagkonferansen-2020/fagkonferansen-2020/>

Forum for kontroll og tilsyn arrangerer også kurs for kontrollutvalsleiarar «Kontrollutvalslederskolen» 21. og 22. april 2020.

<https://www.fkt.no/konferanser/kontrollutvalgsskolen-2020/>

Nyttinge linkar finn ein på Vest kontroll si heimeside

<https://www.vestkontroll.no>

Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil også utarbeide ny versjon av Kontrollutvalsboka.

Denne vil vi legge ut link til så snart den ligg føre.

### **I møtet**

Dagleg leiar i Vest kontroll Jostein Støylen orienterte og svara på spørsmål.

Ordførar Olav Myklebust som i førre periode var kontrollutvalsleiar kom med nyttige innspel og svara på spørsmål.

Rådmann Trond Aglen kom med innspel og svara på spørsmål.

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
32/19	033	13.11.2019	20.11.2019	JS

## **ORIENTERING OM SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET – VEST KONTROLL**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek sekretariatet sin gjennomgang om sekretariatet til orientering.

### **Saksopplysningar**

Dagleg leiar i Vest kontroll vil orientere om samarbeidet/selskapet.

PowerPoint vil bli ein del av orienteringa.

## I møtet

Dagleg leiar i Vest kontroll Jostein Støylen orienterte.

Ordførar Olav Myklebust kom ned innspel og svara på spørsmål.

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
33/19	033	13.11.2019	20.11.2019	KS

## STATUS PÅ SAKER

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek statusoversikt pr. november 2019 til vitende.

### Vedlegg

1. Utskrift frå møteprotokoll Sande kontrollutval. Selskapskontroll av SSR IKS
2. Utskrift frå møteprotokoll Sande kontrollutval. Orientering om kostnadsfordeling – Gym-salen Larsnes.

### Saksopplysningar

**Prosjekter behandla i kontrollutvala der kommunestyret sitt vedtak skal følgjast opp.**

Tittel	Beskriving	KU- behandla
Selskapskontroll SSR IKS	Skal til behandling i kommunestyret i desember 2019. Kontrollutvalet må følgje opp saka våren/sommaren 2020	11.10.2019 Sak 26/19
Orientering om kostnadsfordeling – Gymsalen Larsnes.	Kontrollutvalet ber rådmannen om ny orientering om status sommaren 2020	10.10.2019 Sak 23/19

## I møtet

Ordførar Olav Myklebust orienterte.

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
34/19	033	13.11.2019	20.11.2019	JS

## ARBEIDET I KONTROLLUTVALET

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek saka til vitende.
2. Kontrollutvalet har desse innspela til plan for 2020:
  - Eventuelt fordeling av oppgåver vert å ta standpunkt til seinare
  - Det er ikkje ynskjeleg med møte på måndag og torsdag
  - Møtestart bør vere kl. 08.15
  - Kvartalsrapportar skal til utvalet som sak/orientering

## Vedlegg

Evaluering av kontrollutvalet 2015-2019

### Saksopplysningar

#### Utvalet sin status

Kommunelova slår fast at kommunestyret har det øvste ansvaret for kommunen si verksemd, og dei sjølve skal velje eit kontrollutval som skal føre det løpande tilsyn på sine vegne.

Kontrollutvalet kan, utan hinder av teieplikt, ta opp ei kvart tilhøve knyta til kommunen si verksemd. Men:

- Utvalet kan ikkje overprøve politiske vurderingar.
- Har ikkje tilsynsansvar overfor kommunestyret

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen følger lover og føresegner og rettar seg etter politiske vedtak og etiske normer.

Det er viktig at kontrollutvalet har god kontakt med kommunestyret, det politiske miljøet elles og kommunen sin administrasjon.

### Saksbehandlinga

#### Saker

I alle møte:

- Godkjenning av innkalling og sakliste. Underskrift av møteportokollen
- Godkjenning av møteprotokollen frå siste møte
- Meldingar
- Gjennomgang av møtebøker
- Orientering om status for pågåande saker

#### **Vinter:**

- Årsplan inklusiv møteplan for året
- Skatterekneskapen
- Årsmelding for kontrollutvalet

#### **Vår:**

- Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon frå året før
- Uttale til kommunerekneskapen
- Oppsummering frå revisor om tilhøve som ikkje er retta opp
- Overordna analyse – Plan for forvaltningsrevisjon (2020)
- Overordna analyse – Plan for selskapskontroll (2020)

#### **Haust:**

- Revisjonsplan for revisjonsåret
- Orientering om løpande finansiell revisjon
- Budsjett for kontrollutvalet neste år

### **Andre saker – etter kvart dei ligg føre:**

- Forvaltningsrevisjonar
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonar
- Selskapskontrollar
- Oppfølging av selskapskontrollar
- Undersøkingar
- Orienteringar frå revisor
- Orienteringar frå kommunedirektør (kommuneadministrasjonen)
- Oppfølging av andre saker som utvalet har behandla
- Orienteringsbesøk
- Andre saker som oppstår og er relevante å ta opp
- Tilsynsrapportar frå fylkesmannen og andre statlege kontrollorgan

### **Oppgåver**

Kontrollutvalet skal ha fokus på systemkontroll. Utvalet kan ikkje gjere vedtak som endrar på eit enkeltvedtak, sjølv om det viser seg at ei sak ikkje er rett behandla. I slike høve må utvalet gå vegen om kommunestyret. Fokuset skal vere på om det svikt i den kommunale saksbehandlinga, eller om lover og føresegner og vedtak i kommunestyret ikkje er følgde.

### **Plan for kontrollutvalet 2020**

Før sekretariatet lagar forslag til plan for kontrollutvalet for 2020 bør flg. drøftast og så langt mogleg klargjerast:

- Talet på møte
- Kva vekedagar passar best og når på dag møta skal begynne
- Møtestadar (fast møtestad eller rotering). Er det aktuelt å halde møte på ulike stader i kommunen, då i samband med orienteringsbesøk på skular, barnehagar, institusjonar, bedrifter m.m?
- Har utvalet tankar for kontrollområde
- Har revisor tankar for spesielle (nødvendige) kontrollar
- Når kan overordna analyse for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vere klar så plan kan leggjast fram
- Fordeling av oppgåver blant utvalsmedlemene  
Spesielt viktig i samband med løpande gjennomgang av kommunale møtebøker
- Aktuelle kurs/konferansar å delta i framover, lokalt og sentralt

### **I møtet**

Dagleg leiar Jostein Støylen orienterte i møtet.

Ordførar Olav Myklebust orienterte i møtet om møteprotokollar.

Kontrollutvalsmedlemene og vara som var til stades godtek at FKT får e-postadressene.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
35/19	217	12.11.2019	20.11.2019	KS

## FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TENESTEYTING I HEIMESJUKEPLEIA

### Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tenesteyting heimesjukepleie, Sande kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 13.09.2019).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
  1. Kommunen må få på plass rutinar for å fange opp at det blir utarbeida og sendt ut enkeltvedtak til alle brukarane innanfor forvaltningslova sine fristar.
  2. Kommune må få på plass felles rutinar i høve oppfølging og revurdering av enkeltvedtak. Dette bør også innarbeidast i dei nye skriftlege rutinane kommunen har utarbeida og som gjeld frå 2019.
  3. Kommunen må sørge for at ein sender ut nytt skriftlege enkeltvedtak i sakene ein vel å revurdere.
  4. Kommunen må sette i verk tiltak for å sørge for lik praksis mht. registrering av utførte tenester.
  5. Kommunen må vise til korrekt heimelstilvising i enkeltvedtaka; pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a andre ledd, jf. helse- og omsorgstenestelova § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav a.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **30.04.2020**.

### Vedlegg

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, *Forvaltningsrevisjonsprosjekt, Tenesteyting i heimesjukepleia, Sande kommune*, datert 13.09.2019. Motteke 07.10.2019.

### Saksopplysning

Viser til rapporten som ligg ved denne saka.

Kontrollutvalet i Sande kommune gjorde i sak 06/17 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt knytt til tenesteyting - heimesjukepleie. Målsettinga for prosjektet er å kontrollere om heimesjukepleia yter tenester i samsvar med brukarane sine enkeltvedtak, enkeltvedtak mht. form og innhald og om vedtaka burde vore revurderte. Det ligg føre også ei utarbeida deskriptiv analyse med bakgrunn i KOSTA –tal frå SSB.

### Problemstilling:

Yter heimesjukepleia tenester i samsvar med enkeltvedtak, og er vedtak gjort i samsvar med lov, regelverk og rutinar?

- Har kommunen gode rutinar for å sikre sakshanshandsamingsprosessen?
- Låg det føre skriftleg enkeltvedtak og tilfredsstillar desse krava mht.form og innhald?



- Har alle brukarane fått oppretta tiltaksplan og er tiltaksplanen i samsvar med enkeltvedtaket?
- Er den journalførte tenesta (utførte) i samsvar med tiltaksplanen og enkeltvedtak?

Revisjonen sin konklusjon/samandrag med (side 4 - 5 i rapporten):

### **Deskriptiv analyse:**

Ein prøvde for 2018 med utgangspunkt i sakshandsamingssystemet Gerica å samanlikne den samla vedtakstida for alle brukarane opp i mot den estimerte tiltakstida dei hadde, samt kor mykje tid heimesjukepleia har journalført på brukarane. Det viste seg at det ikkje var mogeleg å hente ut korrekt informasjon frå systemet på ein enkel måte.

I tillegg har ein henta ut relevante KOSTA-tal som går fram i kap. 5.

### **Sakshandsamingsrutinar:**

Kommunen har skriftlege rutinar i høve sakshandsaming, men desse er gamle og burde reviderast. Kommunen har utarbeida nye rutinar som skal gjelde frå 2019. kommunen bør vurdere om dei nye rutinane også bør innehalde informasjon om oppfølging og revurdering av teneste/ enkeltvedtak.

### **Sakshandsamingstid:**

Gjennomgangen viste at det stort sett var kort sakshandsamingstid frå søknad til det låg føre enkeltvedtak registrert i sakshandsamingssystemet. I alle tilfella såg ein at sjølve tenesta var stara opp straks eller før enkeltvedtaket var fatta. Ein vurderer derfor sakshandsamingstida som tilfredstillande, då kommunen kjem raskt i gong med å yte tenesta til brukaren.

### **Utsetting av enkeltvedtak:**

Det låg ikkje føre postjournalvedtak i 11 av dei 20 sakene. Postjournalvedtak er det skriftlege enkeltvedtaket som blir utarbeid i det elektroniske sakshandsamingssystemet og sendt til brukaren. Gjennomgangen viste derimot at tenesta har blitt både registrert og ytt. I dei sakene det låg føre postjournalvedtak såg ein at det kunne gå lang tid frå vedtaket hadde vore fatta og sett i verk til vedtaket hadde blitt sendt ut til brukaren.

Kommunen bør få på plass rutinar for å fange opp at det blir utarbeida og sendt ut skriftleg enkeltvedtak til alle brukarane innanfor forvaltningslova sine fristar. brukaren hadde fått tenesta si.

### **Enkeltvedtak; form og innhald:**

Alle vedtaka følgde same mal. I høve lovheimel blei det i grunngevinga av vedtaket vist til pasient og brukarrettighetsloven § 2-1 a, 2 ledd. Dersom kommunen meiner at brukar har rett til helsetenester i heimen (heimesjukepleie) vil den fullstendige og korrekte heimelstivisinga vere; *pasient – og brukarrettighetsloven § 2-1 a andre ledd, jf. helse- og omsorgstenestelova § 3-2 første ledd nr 6 bokstav a*. Kommunen bør endre vedtaksteksten til å omfatte dette. Utover dette såg det ut til at vedtaka som låg føre oppfylte krava til form og innhald, jf. forvaltningslova.

### **Tiltaksplan:**

Gjennomgangen viste at det i stor grad var samsvar mellom utført teneste og tiltaksplanen til brukaren, men ein såg forskjellig praksis mht. inn- og utkvittering av tenesta (tidregistrering). Kommunen bør derfor sette i verk tiltak for å sørgje for lik praksis mht. inn- og utkvittering av tenester.

### **Samsvar mellom vedtak og tiltaksplan:**

I 6 av dei 20 sakene såg ein vesentlege avvik mellom tiltaksplanen og enkeltvedtaket, medan i 14 av dei 20 sakene såg ein i stor grad samsvar mellom vedtak og tiltaksplan.

### **Re-vurdering av vedtak:**

Gjennomgangen viste mange eldre enkeltvedtak dei ein såg avvik mellom tiltaksplanen til brukaren og enkeltvedtaket. Kommunen bør derfor få på plass rutinar i høve oppfølging og revurdering av enkeltvedtak. Kommunen bør også sørge for at ein sender ut nytt skrifteleg enkeltvedtak i alle sakene ein vel å revurdere.

### **Anbefalingar i frå revisjonen (side 21 i rapporten):**

1. Kommunen bør få på plass rutinar for å fange opp at det blir utarbeida og sendt ut enkeltvedtak til alle brukarane innanfor forvaltningslova sine fristar.
2. Kommune bør få på plass felles rutinar i høve oppfølging og revurdering av enkeltvedtak. Dette bør også innarbeidast i dei nye skriftelege rutinane kommunen har utarbeida og som gjeld frå 2019.
3. Kommunen bør sørge for at ein sender ut nytt skriftelege enkeltvedtak i sakene ein vel å revurdere.
4. Kommunen bør sette i verk tiltak for å sørge for lik praksis mht. registrering av utførte tenester.
5. Kommunen bør vise til korrekt heimelstilvising i enkeltvedtaka; pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a andre ledd, jf. helse- og omsorgstenestelova § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav a.

### **Rådmannen sin kommentar (side 22 i rapporten):**

Sjå i rapporten.

### **I møtet**

Forvaltningsrevisor Alf Marius Grønnevik orienterte og svara på spørsmål.

Ordførar Olav Myklebust supplerte.

Rådmann Trond Aglen kom med innspel.

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
<b>36/19</b>	099	24.10.2019	20.11.2019	KS

## **TILSYNSRAPPORT – RAPPORT FRÅ TILSYN MED HELSE- OG OMSORGSTENESTER TIL BARN I AVLASTNING - SANDE KOMMUNE 2019**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek tilsynsrapporten til vitende.

### **Vedlegg**

1. Tilsynsrapport – rapport frå tilsyn med helse- og omsorgstenester til barn i avlasting – Sande kommune 2019, av 23.05.2019.
2. Tilbakemelding på kommunen si plan - Tilsyn med helse- og omsorgstenester til born i avlasting. Motteke 30.09.2019.

## Saksopplysning

Fylkesmannen utførte tilsyn med helse- og omsorgstenester til avlastning i Sande kommune 06.03.2019 – 07.03.2019.

Formålet med tilsynet er å kontrollere om kommunen oppfyller krava i regelverket når det gjeld ytinga av helse- og omsorgstenester til barn i avlastning, slik at barna deira føresette får trygge og gode tenester.

### Fylkesmannens konklusjon:

(Punkt 5. Side 10).

Tilsynet avdekte fire lovbrøt:

1. Sande kommune sikrar ikkje forsvarleg tenesteyting til barna som er i avlastning gjennom planlegging og kontroll.  
Det er brot på: *helse- og omsorgstenesteloven §§ 4-1 og 4-2, ff. 3-6, nr 2, jf. Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring § 6 g).*
2. Sande kommune sikrar ikkje alle tilsette får opplæring i førstehjelp.  
Det er brot på: *Helse- og omsorgstenesteloven § 4-1 bokstav c og d, jf. Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring § 6 f).*
3. Sande kommune sikrar ikkje at legemiddelhandtering i verksemda er i tråd med gjeldande regelverk.  
Det er brot på: *Helse- og omsorgstenesteloven § 4-1 bokstav c og d, jf. Forskrift om legemiddelhandtering for virksomheter og helsepersonell som yter helsehjelp § 7, og forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta § 7 b) og c).*
4. Sande kommune sikrar ikkje at det blir innhenta politiattest kvar gong nye tenesteytarar tek til å arbeide i avlastinga.  
Det er brot på: *Helse- og omsorgstenesteloven § 5-4 og § 5-4a og forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta § 5-8*

### Oppfølging av lovbrøt:

(Punkt 7. Side 10).

Sande kommunen blir bedt om å leggje fram ei plan for retting av lovbrota som minimum inneheld følgjande fire element:

- Tiltak som skal settast i verk, og korleis tilsette vil bli involvert i endringa for å rette lovbrota som vart avdekt.
- Korleis leiinga vil følgje med på og kontrollere at tiltak er sett i verk.
- Korleis leiinga vil gjennomgå om tiltaka har virka som planlagt etter at dei har fått virke ei stund.
- Når avvika skal vere retta og verksemda sine eigne fristar for å sikre framdrift.

Fylkesmannen ber om tilbakemelding med ei slik plan innan 07.06.2019.

Viser til rapporten for meir informasjon.

**Tilbakemelding på kommunen si plan.- Tilsyn med helse- og omsorgstenester til born i avlastning. Sjå vedlegg2.**

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
37/19	033	12.11.2019	20.11.2019	KS

## **UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL**

### **Samrøystes vedtak**

Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Hilde Iren Jacobsen.

Ordførar gikk i frå etter møtet.

### **ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN**

Etter at sakene var ferdig behandla gjorde rådmannen ei kort orientering om den økonomiske situasjonen for 2020.

**Møtet slutt.**

Elisabeth Kirkholm  
Leiar

Hilde Iren Jacobsen  
Medlem

**Utskrift til:**

**Kommunestyret som melding.**

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Rådmann – til orientering.

Ordførar – til orientering.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.